




Utanriksdepartementet

Strategi

Regjeringas Tyskland-strategi 2019



INNHALD

1 Forord	4
2 Overordna utanrikspolitikk	6
3 Europapolitikk	6
4 Tryggings- og forsvarspolitikk	7
5 Humanitært samarbeid, konfliktførebygging og stabilisering	9
6 Globale utviklingsspørsmål	10
7 Menneskerettar og likestilling	10
8 Hav	11
9 Økonomi og næringsliv	11
10 Energi-, klima- og miljøpolitikk	13
11 Nordområda	14
12 Utdanningssamarbeid	15
13 Forskings- og innovasjonssamarbeid	16
14 Kultursamarbeid og kultureksport	17
15 Justis- og innanrikspolitikk, medrekna toll- og politisamarbeid og migrasjon	18
16 Transport	19
17 Familie- og likestillingspolitikk	20
18 Helse og omsorg	20
19 Nordisk-tysk samarbeid	20
20 Regionalt samarbeid	21
21 Noregsprofilering	22

1 Forord

Granavolden-plattformen slår fast at regjeringa skal føre ein effektiv europapolitikk som tek sikte på å auke den norske innverknaden på avgjerder som påverkar Noreg sine interesser, å medverke tidleg i prosessar og utforming av politikk i EU, og å ta sikte på å utdjupe dei bilaterale relasjonane med sentrale EU-land.

Tyskland er eit heilt sentralt EU-land og Noregs viktigaste partner i Europa. Det norsk-tyske forholdet er svært godt, og kontakten mellom politikarar og embetsverket i dei to landa er omfattande. Noreg og Tyskland er viktige for einannan mellom anna av følgjande grunnar:

- Tyskland har som EUs største medlemsland stor påverknadskraft, og har vist openheit og vilje til dialog med Noreg om EU/EØS-saker og Schengen-saker.
- Både Noreg og Tyskland legg stor vekt på multilateralt samarbeid og ei regelstyrt verdsordning. Dei tyske prioriteringane i mellom anna FN samsvarar i stor grad med dei norske.
- Tyskland er ein sentral NATO-alliert som Noreg samarbeider stadig tettare med. Eit monaleg tettare norsk-tysk samarbeid innan styrkeproduksjon, understøtting og operasjonar er i ferd med å bli etablert, basert på intensjonsavtalen om maritimt samarbeid frå 2017.
- Tyskland er ein av Noregs største handelspartnerar og den nest største eksportmarknaden for norske varer og tenester. Mest ein tredel av norsk gass eksport går til Tyskland, og meir enn ein tredel av den tyske gassimporten kjem frå Noreg. Tyskland er ein viktig marknad for norsk sjømat, reiseliv, metall og bildelar. Teknologisamarbeidet er omfattande.
- Det er også eit omfattande utdannings- og forskingssamarbeid mellom Tyskland og Noreg. Tyskarar utgjer ei av dei største gruppene av utanlandske studentar i Noreg, og Tyskland er ein av dei viktigaste samarbeidspartnarane for Noreg i Det europeiske forskingsområdet.
- Tyskland er ein stor marknad for norsk kultur i utlandet, og utgjer den viktigaste innfallsporten for internasjonalisering av norsk kunst og kultur.

Sidan 1999 har regjeringas Tyskland-strategi vore eit verkemiddel for ei heilskapleg, strategisk og samordna norsk tilnærming til Tyskland. Formålet er å bygge vidare ut samarbeidet mellom Noreg og Tyskland, ut ifrå felles interesser og gjensidig nytte. Strategien inneheld mål, bakgrunnsvurderingar og konkrete tiltakspunkt på ei rekke saksområde. Sidan det norsk-tyske sambandet er så omfattande, kan strategien likevel ikkje dekke alt som skjer. Dei viktigaste måla er

- saman med Tyskland å forsvare og styrke multilaterale institusjonar, internasjonale køyrereglar og ein friast mogleg verdshandel, og dessutan fremje demokrati, menneskerettar og rettsstatlege prinsipp, fred og tryggleik, berekraftig utvikling, klima og miljø,
- å få størst mogleg gjennomslag for norske interesser i EU, i samråd med Tyskland,
- å utvikle og utdjupe det trygging- og forsvarspolitiske samarbeidet med Tyskland bilateralt, innanfor ramma av NATO og FN, og gjennom det norske samarbeidet med EU,
- å fremje ei berekraftig forvaltning av havressursane som grunnlag for ein styrkt havøkonomi gjennom dialog og samarbeid med Tyskland,
- å støtte den norske næringslivssatsinga på den tyske marknaden gjennom rådgiving, profilering og samarbeidstiltak med næringane,
- å halde fram med å vere ein stabil og sikker leverandør av energi til den tyske marknaden og ein viktig bidragsytar til og samarbeidspartnar for Tysklands innsats for energiomstilling og for å nå klimamåla i Europa,
- å sikre gode transportvilkår for gods og passasjerar mellom Noreg og Europa, på veg, bane og sjø, gjennom nær dialog og samarbeid med tyske styresmakter,
- å styrke samarbeidet mellom norske og tyske universitet, høgskolar, forskingsinstitusjonar, næringslivsaktørar, forskarar og forskargrupper,
- å auke kunnskapen om Tyskland og det tyske språket blant norske skoleelevar og studentar,
- å fremje norsk kulturliv og norsk kulturell og kreativ næring i Tyskland.

Regjeringas første Tyskland-strategi kom i 1999. Strategien vart revidert i 2003, 2007 og igjen i 2014. Denne femte versjonen av Tyskland-strategien vart ferdigstilt i juni 2019 og er resultatet av eit samarbeid mellom alle departement som har ønskt å delta. Ei styringsgruppe med representantar frå relevante departement følger og drøftar gjennomføringa av strategien. Grappa møtest kvart halvår, under leiing av Utanriksdepartementet.

Ine Eriksen Søreide
utanriksminister
Oslo, 4. juni 2019

2 Overordna utanrikspolitikk

■ Mål

Samarbeide med Tyskland om å forsvare og styrke multilaterale institusjonar, internasjonale køyrereglar og ein friast mogleg verdshandel, og dessutan fremje fred og tryggleik, berekraftig utvikling, demokrati, menneskerettar og rettsstatlege prinsipp.

■ Bakgrunn

Noreg og Tyskland har i stor grad samanfallande synspunkt i utanrikspolitikken, og har dessutan felles interesse av eit styrkt samarbeid om denne. Som det går fram av regjeringas EU-strategi 2018-2021, er Tyskland eitt av dei europeiske landa som Noreg skal bygge meir systematiske og langsiktige relasjonar med. Særleg skal det utanriks- og tryggingpolitiske samarbeidet med Tyskland fordjupast. Dette omfattar også eit styrkt samarbeid utanfor Europa. I tråd med dette er dialogen og samarbeidet mellom Noreg og Tyskland blitt intensivert dei seinare åra. Samarbeidet om multilaterale institusjonar og ei regelstyrt verdsordning vil bli ytterlegare styrkt på grunnlag av Meld. St. 27 (2018-2019) *Norges rolle og interesser i multilateralt samarbeid*.

■ Tiltak

- Bygge vidare ut relasjonane med Tyskland, med særleg vekt på europapolitikk og på utanriks- og tryggingpolitikk både i og utanfor Europa, i tråd med denne strategien. Oppfølging: Utanriksdepartementet i samarbeid med dei andre departementa.
- Ytterlegare styrke samarbeidet med Tyskland om multilaterale institusjonar og ei regelstyrt verdsordning, på grunnlag av Meld. St. 27 (2018-2019) *Norges rolle og interesser i multilateralt samarbeid*. Oppfølging: Utanriksdepartementet i samråd med relevante andre departement.
- Styrke dialogen med Tyskland om utviklinga i Asia, med særleg vekt på forholdet mellom europeiske land og Kina. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Gjennomføre Afrika-konsultasjonar med Tyskland med jamne mellomrom. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Ta sikte på å halde bilaterale møte på utanriksministernivå minst éin gong i året, i tillegg til regelmessige møte på statssekretærnivå og konsultasjonar på embetsnivå slik det elles går fram av strategien. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.

3 Europapolitikk

■ Mål

Få gjennomslag for norske interesser, og ha dialog og samarbeid med tyske styresmakter om felles interesser, i tråd med regjeringas EU-strategi.

■ Bakgrunn

Som EUs største medlemsland har Tyskland stor påverknadskraft, og tyskarane har vist seg å vere opne og ha vilje til dialog med Noreg om EØS- og Schengen-relevante spørsmål og om andre problemstillingar som pregar den politiske dagsordenen i Europa.

Tiltak

- Vedlikehalde og bygge ut direkte kontakt om europapolitikk med tyske styresmakter, både på politisk nivå og på embetsnivå. Oppfølging: Relevante departement og ambassaden i Berlin.
- Fremje norske interesser gjennom Berlin når EU utviklar nytt EØS- og Schengen-relevant regelverk og når det er formålstenleg. Dette bør skje så tidleg som råd i EUs politikktutforming, og krev tett samarbeid og informasjonsutveksling mellom departementa, ambassaden i Berlin og EU-delegasjonen i Brussel. Oppfølging: Utanriksdepartementet, som koordinerer.
- Utveksle tilsette i norsk og tysk UD i kortare eller lengre periodar. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Gjennomføre årlege europapolitiske konsultasjonar på embetsnivå. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Vidareføre regelmessige faglege konsultasjonar om ulike europarelaterte tema og regionar, som Vest-Balkan, Sentral- og Aust-Europa. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.

4 Tryggings- og forsvarspolitik

Mål

Utvikle og utdjupe det tryggings- og forsvarspolitiske samarbeidet bilateralt, innanfor ramma av NATO og FN og gjennom Noregs samarbeid med EU.

Halde tyske styresmakter informerte om norsk tryggings- og forsvarspolitik, mellom anna om utfordringane i samband med Russlands militære evne i nordområda og i Atlanterhavet.

Vidareføre ein tett kontakt med Tyskland om tryggingspolitiske saker i NATO, EU og FN.

Vidareutvikle samarbeidet om utvalde militære kapasitetar og fagområde.

Auke det tyske militære nærværet i Noreg gjennom trening og øving for å halde ved lag evna til å samarbeide militært og for å styrke medvitet om tryggingssituasjonen i nord.

Fremje norsk-tysk teknologi- og industrisamarbeid.

Etablere løpande samarbeid for å legge til rette for kontinuitet mellom det tyske og det moglege norske medlemskapet i FNs tryggingråd.

Bakgrunn

Tyskland er ein sentral NATO-alliert som Noreg samarbeider stadig tettare med. Landet er ein leiande nasjon innanfor *Framework Nations Concept* (FNC) i NATO. Vidare samarbeider Noreg og Tyskland tett om NATOs hurtigreaksjonsstyrke, *Very High Readiness Joint Task Force* (VJTF), der Tyskland spelar ei sentral rolle. Noreg og Tyskland samarbeider òg tett om å tilpasse NATO til den endra tryggingspolitiske situasjonen, til dømes gjennom det styrkte framskotne nærværet som alliansen har i Baltikum og Polen. I tillegg er Tyskland og Noreg engasjerte i mange av dei same internasjonale operasjonane, mellom anna i operasjonar leia av FN.

Tyskland er initiativtakar til EUs permanente, strukturerte samarbeid om tryggleik og forsvar (PESCO), og er tonegivande i den globale debatten om cybertryggleik. Til liks med Noreg ønsker Tyskland å styrke FNs fredsoperasjonar, i tillegg til innsatsen for kvinner, fred og tryggleik og mot seksualisert vald i konflikt. Tyskland vart medlem av FNs tryggingråd i januar 2019.

Eit monaleg tettare norsk-tysk samarbeid innanfor styrkeproduksjon, understøtting og operasjonar er i ferd med å bli etablert, basert på intensjonsavtalen om maritimt samarbeid frå 2017. Kjøp av identiske ubåtar gir potensial for felles løysingar, til dømes felles vedlikehald i Bergen og felles utdanning i Tyskland. Dette gir operative føremonar og moglegeheiter, og dessutan økonomiske innsparingar. Det er potensial for liknande avtalar og samarbeid på andre område, først og fremst når det gjeld landmakt.

■ Tiltak

- Vidareføre årlege norsk-tyske tryggings- og forsvarspolitiske konsultasjonar, også om FN's fredsoperasjonar. Oppfølging: Utanriksdepartementet, Forsvarsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Vidareføre regelmessige konsultasjonar med tyske styresmakter om Russland og landa i Den austlege partnerskapen. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Gjennomføre årlege faglege konsultasjonar om nedrusting og ikkje-spreiing. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Vidareutvikle dialogen med tyske styresmakter om cyberspørsmål. Oppfølging: Utanriksdepartementet og andre relevante departement, spesielt Forsvarsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Samferdselsdepartementet.
- Vidareføre regelmessige faglege konsultasjonar om eksportkontroll. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Styrke norsk-tysk samarbeid og koordinering om kvinner, fred og tryggleik, og dessutan mot seksualisert vald i konflikt. Oppfølging: Utanriksdepartementet, Forsvarsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Vidareføre årlege fagmilitære konsultasjonar på greinstabsnivå. Oppfølging: Forsvarsdepartementet/Forsvaret.
- Vidareutvikle kontakten som er etablert for løpande informasjonsutveksling gjennom å utplassere norske liaisonoffiserar i Tyskland og tyske liaisonoffiserar i Noreg. Oppfølging: Forsvarsdepartementet.
- Tilby å legge til rette for regelmessig trening av tyske luft-, sjø- og landstridskrefter i Noreg. Oppfølging: Forsvarsdepartementet.
- Samarbeide om konkrete bilaterale og multilaterale materiellprosjekt, identifisere og utvikle kapasitetar med potensial for felles materiellinnkjøp/-oppgradering, utdanning, prosedyrar og logistikk, og understøtte utviklinga av det maritime samarbeidet. Oppfølging: Forsvarsdepartementet.
- Identifisere og utvikle komplementære system og kapasitetar som grunnlag for felles deltaking i operasjonar. Oppfølging: Forsvarsdepartementet.
- Vidareutvikle kunnskapane om Tyskland og det tyske forsvaret gjennom hyppig å sende norske elevar til tyske militære kompetanse- og utdanningsinstitusjonar, ideelt minst éin elev til kvart generalstabskurs, og tilby tilsvarande ordningar for Tyskland i Noreg. Oppfølging: Forsvarsdepartementet.
- Styrke bilaterale konsultasjonar på politisk nivå og embetsnivå om koordinering av innsatsen i FN's tryggingsråd. Oppfølging: Utanriksdepartementet, FN-delegasjonane i New York og Genève og ambassaden i Berlin.

5 Humanitært samarbeid, konfliktforebygging og stabilisering

Mål

Styrke dialogen og samarbeidet med Tyskland om humanitært samarbeid, konfliktforebygging og stabilisering.

Bakgrunn

Noreg og Tyskland har i fellesskap arrangert fleire givarkonferansar dei siste åra, om til dømes Syria og Tsjadsjøen. Vi har også samarbeidd tett om å fremje auka bruk av kontantar i den humanitære bistanden. Dette er eit godt utgangspunkt for eit ytterlegare styrkt samarbeid innanfor den internasjonale humanitære innsatsen, i tråd med strategien for norsk humanitær politikk. Tyskland, Nigeria, Niger, Kamerun og Tsjad, med Noreg og FN som sentrale medspelarar, har dessutan lansert eit initiativ for å stabilisere og forebygge konfliktar.

I Sahel har Tyskland i stadig sterkare grad fokusert på tryggleik og tiltak mot terror, berekraftig økonomisk og sosial utvikling, og tiltak for å motverke migrasjon. Her er det rom for vidare styrking av dialogen med Tyskland, i tråd med den norske Sahel-strategien.

Noreg og Tyskland samarbeider også om ulike spørsmål på Afrikas horn. Det er etablert eit politisk og praktisk samarbeid om Somalia, Etiopia og Eritrea, forutan om Nilen og Raudehavet.

Det tyske utanriksdepartementet har dei siste åra etablert ei avdeling for kriseforebygging, stabilisering, post-konflikt-rehabilitering og humanitær bistand, og investerer monalege ressursar på dette området. Avdelinga har ei eiga fredsbyggingseining, og det er sett i gang ein norsk-tysk dialog om fred og forsoning.

Tiltak

- Ta initiativ til regelmessige møte på embetsnivå og til norsk-tyske tiltak for å fremje betre rammevilkår for humanitære aktørar, i tråd med strategien for norsk humanitær politikk. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Styrke dialogen med Tyskland om utviklinga i Sahel og vurdere felles initiativ, med utgangspunkt i den norske Sahel-strategien. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Vidareføre ei aktiv norsk deltaking i *The Oslo Consultative Group*, ei rådgivande gruppe for å følge opp og koordinere det tyske initiativet for stabilisering og konfliktforebygging. Oppfølging: Utanriksdepartementet.
- Styrke samarbeidet med Tyskland om spørsmål på Afrikas horn, særleg om Nilen-problematikken, Raudehavet og Somalia. Oppfølging: Utanriksdepartementet, ambassaden i Berlin og ambassadar i regionen.
- Regelmessig dialog med Tyskland om fred og forsoning. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.

6 Globale utviklingsspørsmål

Mål

Styrke dialogen om globale utviklingsspørsmål, fattigdom og ulikskap, og vidareutvikle det utviklingspolitiske samarbeidet mellom Noreg og Tyskland.

Bakgrunn

Tyskland er landet med størst bistandsbudsjett i Europa. Noreg og Tyskland samarbeider alt om mange utviklingspolitiske spørsmål, mellom anna om *Compact with Africa*, global helse og utdanning og andre tyske initiativ i kjølvatnet av det tyske G20-formannskapet i 2017. Dette har ført til eit intensivert samarbeid også på landnivå, spesielt i Ghana. Noreg samarbeider godt med Tyskland i eit fleirgivarfond i *International Finance Corporation (IFC)*. Vi har ein bilateral dialog med Tyskland om nasjonal ressursmobilisering og innsats mot korrupsjon, og om mattryggleik og klimatilpassa landbruk.

Tiltak

- Halde regelmessige utviklingspolitiske konsultasjonar med Tyskland på politisk nivå og på embetsnivå. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Vidareutvikle samarbeidet om *Compact with Africa*, om utdanning og global helse, og om fleirgivarfondet til Det internasjonale finansieringsinstituttet (IFC). Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Styrke dialogen om fattigdom og ulikskap, spesielt innan global helse, utdanning, nasjonal ressursmobilisering, og om mattryggleik og klimatilpassa landbruk. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Søke samarbeid mellom norske og tyske ambassadar i bistandsmottakarland. Oppfølging: Ambassadane og Utanriksdepartementet.

7 Menneskerettar og likestilling

Mål

Styrke dialogen og samordninga med tyske styresmakter om menneskerettar og likestilling globalt, mellom anna om handtering av presset mot relevante multilaterale institusjonar og instrument.

Bakgrunn

Tyskland er ein viktig samarbeidspartnar for Noreg når det gjeld menneskerettar i multilaterale fora, ikkje minst i FNs menneskerettsråd. Mellom anna er Tyskland ein internasjonal pådrivar i arbeidet med å fremje kvinners seksuelle og reproduktive helse og rettar (SRHR). Vidare står Tyskland sentralt i arbeidet med menneskerettar og næringsliv, og har viktig kompetanse om nye menneskerettsutfordringar i samband med digitalisering og teknologiutvikling.

Tiltak

- Styrke samarbeidet med Tyskland om menneskerettar, rettsstat og likestilling, mellom anna ved å inkludere aktuelle tema i den utanriks- og utviklingspolitiske dialogen med Tyskland. Oppfølging: Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.

8 Hav

Mål

Fremje ei berekraftig forvaltning av havressursane som grunnlag for ein styrkt havøkonomi, gjennom dialog og samarbeid med Tyskland.

Bakgrunn

Det er knytt sterke norske interesser til å ta hand om det marine miljøet og sikre ei berekraftig forvaltning av havressursane. Dette er avgjerande for ein styrkt havøkonomi. Hav står også sentralt i tysk miljø- og klimapolitikk, og den tyske maritime sektoren er blant dei største i verda. Det er eit breitt samarbeid mellom norske og tyske aktørar om energispørsmål, forskning og innovasjon og industriell utvikling knytt til havet. Tyskland er også ein viktig marknad for norsk sjømat.

Tiltak

- Vidareutvikle dialogen med Tyskland om hav, særleg om tema der Noreg er av spesiell interesse for Tyskland, og dessutan knyte kontaktar med relevante miljø i Tyskland og i norsk-tysk næringsliv. Oppfølging: Ambassaden i Berlin i samarbeid med Utanriksdepartementet og andre relevante departement.
- Kommunisere og formidle norsk fiskeri- og ressursforvaltingspolitikk, også innanfor breiare rammer som nordområde- og utviklingspolitikken, der ein i tillegg kan vurdere om det er mogleg å samarbeide om konkrete prosjekt. Oppfølging: Ambassaden i Berlin i samarbeid med Utanriksdepartementet og andre departement.
- Etablere dialog og samarbeid med den internasjonale havrettsdomstolen i Hamburg, arrangere felles seminar om rettsprinsipp for forvaltning av havet mellom Noreg, Tyskland og domstolen, og knyte dette til eksisterande samarbeid med Den internasjonale havbotnstyresmakta (*International Seabed Authority*). Oppfølging: Utanriksdepartementet i samarbeid med ambassaden i Berlin og andre departement.
- Samarbeide nært med Tyskland for å styrke dei globale styringsstrukturane for å hindre marin forsøpling og om økonomiske bidrag til dette, mellom anna gjennom Verdsbankens fleirgivarfond *PROBLUE*. Oppfølging: Klima- og miljødepartementet, Utanriksdepartementet, eventuelt andre departement, Norad, FN-delegasjonane i Genève og New York, og ambassadane i Nairobi og Washington DC.

9 Økonomi og næringsliv

Mål

Støtte norsk næringslivssatsing på den tyske marknaden gjennom rådgiving, profilering og samarbeidstiltak med næringane.

Styrke samarbeidet om innovasjon og teknologi mellom norske og tyske kunnskaps- og kompetansemiljø.

Profilere Noreg som reisemål.

Bakgrunn

Tyskland har den klart største økonomien i Europa, er den nest største eksportmarknaden for Noreg og er den viktigaste utanlandsmarknaden for den norske reiselivsnæringa. Norge medverkar også til verdiskaping og sysselsetting i Tyskland

gjennom norske industrietableringar innan mellom anna aluminium, ammoniakk/kunstgjødsel og vindkraftverk til havs. Tyskland er også viktig som dørøpnar inn til andre marknader, som del av globale verdikjeder og som messeplass. Så vel Innovasjon Noreg og Sjømatrådet som andre norske næringsorganisasjonar og einskildbedrifter satsar stort på den tyske marknaden. Tyskland er på si side svært interessert i norske erfaringar med mellom anna digitalisering, subsea-teknologi og bruk av elektrisitet og hydrogen i transportsektoren.

■ Tiltak

- Støtte norske styresmakters næringslivsfremjing i Tyskland gjennom eit meir synleg nærvær ved tyske industrimesser og ved å arrangere bilaterale høgnivåforum om utvalde tema, som energi og hav. Oppfølging: Nærings- og fiskeridepartementet saman med Utanriksdepartementet og andre departement, ambassaden i Berlin, Innovasjon Noreg og andre representantar for verkemiddelapparatet (*Team Norway*).
- Etablere strategisk samarbeid med tyske nasjonale og regionale styresmakter om næringspolitikk på område der Noreg er ein relevant partner, som digitalisering/eGovernment, subsea-teknologi og mineralutvinning på havbotnen, nye mobilitetsløysingar, batteriutvikling og bruk av hydrogen som kraftkjelde. Oppfølging: Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Olje- og energidepartementet og ambassaden i Berlin.
- Bygge og vedlikehalde nettverk mellom norske og tyske bedrifter, med fokus på klynger og forskings- og utviklingsmiljø der norsk teknologi kan bli ein del av tyske verdikjeder. Oppfølging: Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd i samarbeid med NORWEP.
- Fremje Noreg som vertsland for tysk kraftkrevjande industri, mellom anna batteriproduksjon og ny teknologi for lågutsleppsdrivstoff. Oppfølging: Innovasjon Noreg.
- Bruke moglegeheitene det militære materiellsamarbeidet, særleg ubåt- og missilavtalane, gir norsk næringsliv dei neste 30-40 åra. Utvikle avtalar for dette industrisamarbeidet med sentrale partnarar. Oppfølging: Forsvarsdepartementet.
- Legge til rette for prosjektfinansiering ved eventuell norsk deltaking i Det europeiske forsvarsfondet til å utvikle samarbeidet om forsvarsmateriell mellom Noreg og Tyskland. Oppfølging: Forsvarsdepartementet.
- Vidareføre dialogen med Tyskland om økonomiske forhold gjennom årlege møte i Den norsk-tyske europapolitiske og økonomiske kommisjonen. Oppfølging: Nærings- og fiskeridepartementet i samarbeid med Utanriksdepartementet.
- Følge opp dialogen med Tyskland om landbrukspolitiske forhold gjennom dei årlege møta i norsk-tysk kommisjon for jordbruk og skogbruk. Oppfølging: Landbruks- og matdepartementet.

Sjå også kapittel 8 om hav, kapittel 10 om energi-, klima- og miljøpolitikk, kapittel 13 om forskings- og innovasjonssamarbeid og kapittel 21 om noregsprofilering.

10 Energi-, klima- og miljøpolitikk

Mål

Noreg skal halde fram med å vere ein stabil og sikker leverandør av energi til den tyske marknaden og ein viktig bidragsytar og samarbeidspartnar for Tysklands innsats for energiomstilling og klimamåla, med dei føremonene det gir for norsk verdiskaping.

Vidareføre dialogen med Tyskland om klima- og miljøpolitikk for å fremje grøn økonomi og ei lågutsleppsutvikling i Europa.

Bakgrunn

Tyskland er ein pådrivar for å styrke EUs innsats for klima, miljøteknologi, ressurseffektivitet, naturforvaltning, grøn økonomi og forskning. Omstilling til eit berekraftig lågutsleppssamfunn innan 2050 er blant dei viktigaste måla i tysk politikk. Tyskland har vedtatt å fase ut kjernekraft innan 2022, og å slutte å bruke kol som energikjelde, truleg innan 2038. Over 70 prosent av verdien av norsk eksport til Tyskland kjem frå sal av naturgass. Ein stor del av Tysklands gassforbruk kjem frå norsk sokkel. Norsk naturgass vil framleis vere tilgjengeleg i mange år som ein effektiv, fleksibel og rimeleg energiberar med låge klimagassutslepp. På sikt vil naturgassen også kunne avkarboniserast ved hjelp av mellom anna karbonfangst (CCS) og omdanning av gass til hydrogen. Noreg har støtta Tyskland gjennom G20-samarbeidet og elles for å fremje ei global energiomstilling, slik at energisektoren skal yte sitt for å nå måla i Paris-avtalen.

Eit nytt kraftsamband mellom Tonstad i Agder og Wilster i Tyskland, Nord.Link, er under bygging. Denne sjøkabelen vil kunne føre til auka handel og medverke til verdiskaping i Noreg og Tyskland. For å realisere det fulle verdiskapingspotensialet som ligg i Nord.Link, må også det tyske kraftnettet byggast ut, særleg mellom nord og sør.

Utviklinga av teknologi for fornybar energi til havs, ikkje minst flytande vindturbinar, kan gje nye framtidsutsikter for norsk næringsliv i tyske havområde. Det gjeld også Equinor si satsing på botnfast havvind, til dømes Arkona-feltet i Austersjøen.

Tyskland er også ein viktig samarbeidspartnar for Noreg i arbeidet med å gjennomføre konvensjonen om biologisk mangfald og for å utvikle kunnskapsgrunnlaget ved å etablere eit internasjonalt naturpanel.

Tiltak

- Halde fram med arbeidet for å fremje forståing for gassens rolle i tysk energiforsyning som ein kostnadseffektiv og fleksibel energiberar med låge klimagassutslepp, gjennom kontakt med tyske styresmakter og andre aktørar. Oppfølging: Olje- og energidepartementet, med støtte frå Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Vidareføre dialogen om energi på politisk nivå mellom Olje- og energidepartementet og det tyske økonomi- og energidepartementet og mellom utanriksdepartementa. Oppfølging: Olje- og energidepartementet, Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Vidareføre den årlege dialogen på embetsnivå om energi, klima og utanrikspolitikk mellom det norske og det tyske utanriksdepartementet. Oppfølging: Utanriksdepartementet, med støtte frå Olje- og energidepartementet og Klima- og miljødepartementet.
- Styrke dialogen på embetsnivå om breiare, internasjonale energi- og klimapolitiske spørsmål, mellom anna i FNs klimaforsamling. Oppfølging: Utanriksdepartementet, med støtte frå Olje- og energidepartementet, Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet.
- Fremje norsk satsing på det grønne skiftet og drøfte energi-, klima- og miljøteknologi,

mellom anna fangst og lagring av CO₂, gjennom dialog, seminar og workshops med Tyskland. Oppfølging: Utanriksdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Olje- og energidepartementet, ambassaden i Berlin, Innovasjon Noreg og Norwep.

- Styrke dialogen på embetsnivå om gjennomføring av konvensjonen om biologisk mangfald og utvikling av naturpanelet (IPBES). Oppfølging: Klima- og miljødepartementet i samarbeid med Utanriksdepartementet.
- Vidareføre samarbeidet med Tyskland gjennom europeisk samarbeid om berekraftig skogforvaltning og utvikling av grøn økonomi. Oppfølging: Landbruks- og matdepartementet.

Sjå også kapittel 11 om nordområda og kapittel 13 om forskings- og innovasjonssamarbeid.

11 Nordområda

Mål

Fremje tysk forståing for norske interesser i nordområda, og utvikle samarbeidsprosjekt.

Bakgrunn

Utviklinga i nordområda har ført til større tysk merksemd om den tryggingpolitiske situasjonen der. Tyskland er særleg interessert i nye handelsveggar og skipsfart, petroleumsutvikling og energitryggleik, forutan forskning og miljø.

Tiltak

- Vidareutvikle den norsk-tyske nordområdedialogen på ulike nivå, og fremje politiske kontaktar, embetskonsultasjonar, næringslivsseminar og akademiske seminar for å oppnå ein brei dialog som er tilpassa Tysklands interesser. Oppfølging: Utanriksdepartementet, relevante fagdepartement og ambassaden i Berlin.
- Vidareføre kontakten med det tyske Arktis-kontoret ved Alfred Wegener-instituttet. Oppfølging: Utanriksdepartementet, andre relevante departement og ambassaden i Berlin.
- Samarbeide om konkrete prosjekt i arbeidsgruppene til Arktisk råd der Noreg og Tyskland har samanfallande interesser. Oppfølging: Utanriksdepartementet i samarbeid med relevante departement.
- Legge til rette for forskningssamarbeid om nordområda. Oppfølging: Utanriksdepartementet og andre relevante departement.

12 Utdannings samarbeid

Mål

Auke kunnskapen om Tyskland og det tyske språket blant norske skoleelevar og studentar.

Auke talet på tyske studentar i Noreg og norske studentar i Tyskland.

Utvide samarbeidet mellom norske og tyske universitet og høgskolar.

Fremje mobilitet i heile utdanningssektoren.

Fremje større offentleg merksemd om kva det vil seie at Tyskland er Noregs viktigaste partner i Europa og kor viktig det er å kunne tysk språk, som grunnlag for ein brei tysklandskompetanse.

Bakgrunn

Talet på norske studentar i Tyskland har gått kraftig ned dei siste 20 åra. Samtidig er Tyskland det mest populære landet for norske Erasmus-studentar, og Noreg er eit populært land for tyske studentar.

I Tyskland kan ein studere norsk språk og litteratur ved rundt 15 universitet. Berre i USA er det fleire. Gjennom Ordninga for Noregskunnskap i utlandet kan norskmiljøa i utlandet søke midlar til stipend for studentar og lærarar, støtte til innkjøp av undervisningsmateriell og til arrangement som har som mål å fremje noregskunnskap i og utanfor universitetet.

Mellom anna NHO, Norsk-tysk handelskammer og Universitetet i Oslo har danna Partnerskapsgruppe TYSK. Gruppa arbeider for å auke interessa for tysk språk i Noreg, for å oppmuntre elevar og studentar til å velje tysk og til auka norsk-tysk utveksling blant studentar, elevar, lærlingar, studiestader og skolar, og for å styrke tysk språk- og kulturkompetanse i næringslivet.

Tiltak

- Aktivt bruke eksisterande utvekslingsprogram for å fremje studentmobiliteten og utdjupe utdanningssamarbeidet mellom norske og tyske utdanningsinstitusjonar på alle nivå, frå barnehage til høgare utdanning. EU-programmet Erasmus+ er spesielt viktig i denne samanhengen. Oppfølging: Kunnskapsdepartementet og Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku).
- Legge til rette for bilateralt minister møte og konferanse mellom norske og tyske styresmakter annakvart år. Oppfølging: Kunnskapsdepartementet, Diku, Noregs forskingsråd og Nasjonalt senter for engelsk og framandspråk i opplæringa (Framandspråksenteret).
- Støtte norske kommunar og fylkeskommunar som ønsker å styrke tyskundervisinga i ungdomsskolen og vidaregåande skole med informasjonsmateriell om nytteverdien av tysk språk og kultur, og med kompetansehevingstiltak for tysklærarar. Oppfølging: Framandspråksenteret og Diku gjennom språkassistentordninga.
- Legge til rette for at skoleeigarar kan opprette samarbeidsavtalar med tyske skolar, og arbeide for å forenkle godkjenningssprosessen for elevar som reiser ut og tar andre året av vidaregåande skole i utlandet. Oppfølging: Diku og Kunnskapsdepartementet.
- Nytte Tysk-norsk ungdomsforum (*Deutsch-Norwegisches Jugendforum, DNJF*) som ein viktig møteplass for norsk og tysk ungdom og til å stimulere språkinteressa og kulturforståinga. Oppfølging: DNJF, ambassaden i Berlin, Tysklands ambassade i Oslo og Kunnskapsdepartementet.

- Vidareføre den norsk-tyske avtalen «Gjør det!» frå 2003, om gjensidig utveksling av lærlingar, eller integrere programmet i Erasmus+, og dessutan vurdere om «Gjør det!» kan utvidast til andre program enn dei yrkesfaglege og utviklast til eit tverrsektorielt rammeprogram som legg til rette for praksisplassar i det tyske arbeidslivet. Oppfølging: Kunnskapsdepartementet og Diku.
- Vidareføre det norske Steffens-professoratet i norsk-tysk kulturhistorie ved Humboldt-universitetet i Berlin. Oppfølging: Historisk-filosofisk fakultet ved Universitetet i Oslo.
- Medverke til å styrke skandinavistikkmiljøa ved tyske universitet gjennom Ordninga for Noregskunnskap i utlandet, og medverke til internasjonalisering av norsk høgare utdanning gjennom å tiltreke tyske studentar i norsk språk, litteratur og kultur til studie- og forskingsopphald i Noreg. Oppfølging: Diku i samarbeid med ambassaden i Berlin.
- Vidareføre det auka tilskotet til, og halde fram det norsk-tyske statlege samarbeidet om finansieringa av, Den tysk-norske skolen i Oslo. Oppfølging: Kunnskapsdepartementet.

13 Forskings- og innovasjonssamarbeid

Mål

Styrke og utvide samarbeidet mellom norske og tyske universitet, høgskolar, forskingsinstitusjonar, næringslivsaktørar, forskarar og forskargrupper.

Etablere tettare kontakt mellom norske og tyske forskingsstyresmakter.

Bakgrunn

Tyske universitet og forskings- og utviklingsmiljø er blant dei beste i Europa. Styrka kontakt, særleg på strategisk nivå, vil kunne medverke til å vidareutvikle kvaliteten i norsk høgare utdanning og forskning og legge betre til rette for innovasjon i privat og offentleg sektor.

Forskings- og innovasjonssamarbeidet mellom Noreg og Tyskland er omfattande, både bilateralt og multilateralt. Tyskland og Storbritannia er Noregs viktigaste samarbeidspartnarar i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon. Samarbeidet med Tyskland er størst innanfor sentrale område som energi, klima og miljø. Eit anna viktig samarbeidsfelt er digitalisering. Noreg og Tyskland samarbeider dessutan nært om strategisk utvikling av klyngeprogramma i begge land og om konkrete forskings- og innovasjonsprosjekt, der ein også har fått viktig finansiering frå EUs rammeprogram.

Norsk humaniora og samfunnsvitskap har lenge vore nært knytte til tysk vitskapstradisjon. Denne tilknytninga er det viktig å halde fast ved og forsterke.

Tiltak

- Legge til rette for deltaking frå norske forskings- og innovasjonsmiljø og bedrifter saman med tyske partnarar i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon og i relevante initiativ innan det europeiske forskingsområdet. Dette kan mellom anna gjerast gjennom forskarkonferansar og bilaterale ministermøte, og gjennom konferansar mellom norske og tyske styresmakter annakvart år. Oppfølging: Noregs forskingsråd, Innovasjon Noreg og Kunnskapsdepartementet.
- Støtte norsk-tysk institusjonssamarbeid innan utdanning, forskning og innovasjon gjennom programmet *Internasjonale partnarar for framifrå utdanning, forskning og innovasjon* (INTPART). Oppfølging: Noregs forskingsråd og Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku).

- Støtte forskarutveksling for å utvikle felles prosjekt mellom norske og tyske utdannings- og forskingsinstitusjonar. Oppfølging: Noregs forskingsråd.
- Ha årlege team-møte for å utveksle informasjon og planlegge aktivitetar, med deltaking av Forskingsrådet, Innovasjon Noreg, Diku og tilsvarande organ på tysk side. Oppfølging: Noregs forskingsråd.
- Legge til rette for samarbeid med Tyskland om klima- og miljøforskning, spesielt gjennom EUs rammeprogram for forskning. Oppfølging: Noregs forskingsråd.
- Gjere det mogleg med prosjektfinansiering ved ei eventuell norsk deltaking i Det europeiske forsvarsfondet med sikte på å utvikle det militære forskings- og teknologisamarbeidet med Tyskland. Oppfølging: Forsvarsdepartementet og Forsvarets forskingsinstitutt.
- Føre vidare samarbeidet med Tyskland gjennom *European Forest Institute* (EFI), som mellom anna har kontor i Bonn, der Noreg og Tyskland har etablert ei finansieringsordning for bruk av forskning i politikktvikling. Oppfølging: Landbruks- og matdepartementet.

Sjå også kapittel 9 om økonomi og næringsliv og kapittel 11 om nordområda.

14 Kultursamarbeid og kultureksport

Mål

Fremje norsk kulturliv og norsk kulturell og kreativ næring overfor Tyskland.

Auke eksporten av kunst og kultur frå Noreg til Tyskland.

Legge til rette for eit berekraftig norsk-tysk samarbeid om dette.

Bakgrunn

Tyskland er den viktigaste eksportmarknaden for norsk kulturell og kreativ næring, og er ein svært viktig innfallspurt til den internasjonale kulturmarknaden. Tyskland, og særleg Berlin, er dessutan ein viktig arena for norske kunstnarar, noko som medverkar til å internasjonalisere den norske kunstscena.

2019 er eit historisk viktig utanrikskulturelt år for Noreg i Tyskland. Noreg er gjesteland på bokmessa i Frankfurt, fokusland under European Film Market på Berlinale og partnerland under messa Jazzahead i Bremen. Langsiktige målsettingar for desse satsingane er auka kultureksport, noregsprofilering, fremje av norske næringsinteresser og kunst- og kultursamarbeid med Tyskland.

Nettverket Norwegian Arts Abroad – dei sju kunstfaglege organisasjonane OCA, Music Norway, NORLA, DOGA, Norwegian Crafts, Danse- og teatersentrum og Norsk filminstitutt – inngår i Utanriksdepartementets arbeid med kulturframjving i Tyskland, og forvaltar støtteordningar for kunstnarar og kulturarbeidarar. Det finst også andre støtteordningar, som E.ON-stipenda, RWE DEAs musikkstipend, den norsk-tyske Willy Brandt-stiftinga si prosjektstøtte og den tyske akademiske utvekslingstenesta.

Tiltak

- Løfte fram Noreg som kulturnasjon og styrke Noregs omdømme som kunst- og kultureksportør (litteratur, film, tv-seriar, spel, musikk, arkitektur, dans, scenekunst, biletkunst og kunsthåndverk). Oppfølging: Utanriksdepartementet, Kulturdepartementet og ambassaden i Berlin i samarbeid med Norwegian Arts Abroad.

- Fremje Noreg som mateksportør, ressursforvaltar og reiselivsdestinasjon, og som innspelingsland for internasjonale filmar og seriar gjennom den utanrikskulturelle satsinga i Tyskland. Oppfølging: Innovasjon Noreg og ambassaden i Berlin i samarbeid med Norwegian Arts Abroad.
- Auke etterspørselen etter og utvikle og legge til rette for auka samarbeid mellom kunstnarar og kulturarbeidarar i Noreg og Tyskland gjennom tiltak som reisestøtte, stipendordningar og presse- og ekspertprogram. Oppfølging: Utanriksdepartementet, Kulturdepartementet, Norwegian Arts Abroad og ambassaden i Berlin.
- Medverke til auka kompetanse i og internasjonalisering av norsk kulturell og kreativ næring gjennom «speed-dating»-program, «business-to-business»-møte og bilaterale seminar. Oppfølging: Utanriksdepartementet i samarbeid med relevante fagdepartement, Norwegian Arts Abroad, Norsk filminstitutt/Nasjonale filmkommisjon og ambassaden i Berlin.

Sjå også kapittel 9 om økonomi og næringsliv og kapittel 21 om noregsprofilering.

15 Justis- og innanrikspolitik, medrekna toll- og politisamarbeid og migrasjon

Mål

Vidareutvikle justis- og innanrikssamarbeidet og halde fram det gode operative politi- og tollsamarbeidet med Tyskland.

Drøfte utviklinga av migrasjonspolitikken i og utanfor Europa med Tyskland, og styrke den norsk-tyske erfaringsutvekslinga om retur og reintegrering.

Bakgrunn

Tyskland er eit av Noregs viktigaste samarbeidsland i Europa når det gjeld persontrafikk, asyl- og migrasjonspolitik og hindring av grensekryssande kriminalitet. Mykje av narkotikasmuglinga til Noreg og resten av Norden går i transitt gjennom Tyskland. Tyskland har store forskingsmiljø og lang erfaring med å handtere radikaliserings og med valdeleg ekstremisme. Tyskland spelar ei viktig rolle i utforminga av europeisk justis- og innanrikspolitik, og det er i dag eit tett norsk-tysk samarbeid mellom anna innan Schengen-samarbeidet, Interpol og Europol.

Tiltak

- Ha ein tett dialog med Tyskland i internasjonale justis- og innanriksspørsmål, ikkje minst om migrasjon. Oppfølging: Justis- og beredskapsdepartementet, Utanriksdepartementet og ambassaden i Berlin.
- Vidareføre det operative samarbeidet mellom norske og tyske tollstyresmakter. Oppfølging: Ambassaden i Berlin og Tolldirektoratet.
- Fremje bilateralt samarbeid, dialog og erfaringsutveksling mellom Tyskland og Noreg om radikaliserings, valdeleg ekstremisme og terrorisme. Oppfølging: Justis- og beredskapsdepartementet med støtte frå Utanriksdepartementet.
- Invitere til gjensidig kunnskapsutveksling om nasjonale, sivile krisehandteringskonsept og øvingssamarbeid. Eit særskilt samarbeid med dei nordtyske delstatane kan vere aktuelt. Oppfølging: Justis- og beredskapsdepartementet og ambassaden i Berlin.

- Vidareføre konsultasjonar på embetsnivå og vurdere hospitantutveksling om samarbeidet innan sivil krisehandtering og gjenoppbygging i land og regionar der Tyskland og Noreg er aktive, som til dømes Afghanistan, Irak og Sahel. Dette kan knytast opp til det tyske og det eventuelle norske medlemskapet i FNs tryggingråd. Oppfølging: Utanriksdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og ambassaden i Berlin.

16 Transport

Mål

Sikre gode transporttilhøve for gods og passasjerar mellom Noreg og resten av Europa, på veg, bane og sjø, gjennom nær dialog og samarbeid med tyske styresmakter.

Sikre norske luftfartsinteresser i internasjonale organisasjonar og overfor tredjeland som Europakommisjonen har inngått bilaterale avtalar med.

Gjere det meir attraktivt for tyske og andre utanlandske entreprenørar og selskap å konkurrere om oppdrag i Noreg.

Bakgrunn

Eit nært samarbeid med tyske styresmakter er viktig for å sikre hovudsambandet for person- og godstransport mellom Noreg og resten av Europa. Korridoren *Scandinavian-Mediterranean* frå Oslo og Stockholm til Valletta er ein sentral del av EUs transeuropeiske transportnettverk (TEN-T). Tyskland er, i kraft av storleik, plassering, kompetanse og sine framstående entreprenørselskap, ein viktig samarbeidspartnar. Tyske selskap kan konkurrere om norske transportoppdrag, på både infrastruktur- og trafikksida.

På vegner av EUs medlemsland forhandlar Europakommisjonen ei rekke luftfartsavtalar med tredjeland. Avtalane er ikkje omfatta av EØS-avtalen, men får likevel konsekvensar for Noreg som del av den indre marknaden. Norske styresmakter arbeider for at Noreg skal kunne slutte seg til avtalane for å sikre at norske operatørar får likeverdige vilkår med operatørane innan EU. Dette er ein krevjande prosess, og det er viktig at Europakommisjonen og større EU-land som Tyskland gir støtte til norske styresmakter i dette arbeidet.

Europakommisjonen forhandlar også fram avtalar med europeiske luftfartsorganisasjonar som EUROCONTROL, der også Noreg er medlem. EUROCONTROL har utvikla seg til å bli ein sentral organisasjon for Kommisjonen i arbeidet med å etablere eit felles europeisk luftrom (*Single European Sky*). Norsk-tysk dialog også om EUROCONTROL er derfor viktig.

Tiltak

- Samarbeide med tyske styresmakter om TEN-T-korridoren frå Noreg via Sverige og Danmark til Tyskland. Oppfølging: Samferdselsdepartementet.
- Legge til rette for at utanlandske selskap, deriblant tyske, skal kunne konkurrere om viktige kontraktar innan transportsektoren i Noreg. Oppfølging: Samferdselsdepartementet.
- Sikre tysk støtte til at EU stiller seg bak Noregs arbeid med å slutte seg til EUs luftfartsavtalar med tredjeland. Oppfølging: Samferdselsdepartementet.
- Ta sikte på eit meir aktivt samarbeid om luftfart med Tyskland innan ramma av EUROCONTROL. Oppfølging: Samferdselsdepartementet.

17 Familie- og likestillingspolitikk

Mål

Vidareutvikle samarbeidet med Tyskland om familie- og likestillingspolitikk.

Bakgrunn

Tyskland har gjennom åra overtatt fleire element frå norsk og nordisk likestillingspolitikk og -lovgiving, så som balanse mellom yrkes- og familieliv og mellom kjønn i bedriftsstyra. Som Noreg ønsker Tyskland å stimulere til fleire barnefødsler, auke kvinners yrkesdeltaking og få fleire kvinner i leiarstillingar. Tysk likestillingspolitikk blir delvis utforma med inspirasjon frå den nordiske modellen, delvis innan ramma av EU-samarbeidet, og dessutan i eit samspel mellom forbundsnivå og delstatsnivå.

Tiltak

- Dialog og erfaringsutveksling med tyske styresmakter om familie- og likestillingspolitikk. Oppfølging: Barne- og familiedepartementet, Kulturdepartementet og ambassaden i Berlin.

18 Helse og omsorg

Mål

Utvexle erfaringar med Tyskland om korleis vi kan møte utfordringane med ei aldrande befolkning med berekraftige tenester og løysingar.

Bakgrunn

Gode og framtidretta helse- og omsorgstilbod, ikkje minst for eldre, er viktig for både Noreg og Tyskland. Den norske regjeringa har mellom anna utarbeidd ein eigen plan for å betre tenestetilbodet til personar med demens og deira pårørande, *Demensplan 2020*, og ein plan for rekruttering, fagutvikling og kompetanse i den kommunale helse- og omsorgstenesta, *Kompetanseløft 2020*. Stortingsmeldinga *Leve hele livet, en kvalitetsreform for eldre* skal medverke til at eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg og aktiv alderdom. Noreg skal sette i verk eit eige program for eit aldersvennleg Noreg, mellom anna ved å slutte seg til satsinga i Verdas helseorganisasjon for «An age-friendly society».

Tiltak

- Informasjons- og erfaringsutveksling mellom Noreg og Tyskland om demens, rekruttering av arbeidskraft og fagutdanna helse- og sosialpersonell til helse- og omsorgstenestene, og om det å skape eit aldersvennleg samfunn. Oppfølging: Helse- og omsorgsdepartementet og ambassaden i Berlin.

19 Nordisk-tysk samarbeid

Mål

Styrke det nordiske samarbeidet med Tyskland.

Bakgrunn

Både i det formaliserte samarbeidet i Nordisk ministerråd og i det uformelle nordiske samarbeidet er det interesse for utveksling og samarbeid med Tyskland. At ambassadane til dei nordiske landa vart samlokaliserte i Berlin i 1999, har dessutan ført til at ambassadane nå samarbeider tettare enn før om ei rekke saker.

Tiltak

- Utvikle det nordiske samarbeidet med Tyskland gjennom ulike møteformat og arrangement. Oppfølging: Ambassaden i Berlin i samarbeid med Utanriksdepartementet, eventuelt i samarbeid med Nordisk ministerråd.
- Nytte den sterke nordiske merkevara og samlokaliseringa til dei nordiske ambassadane i Berlin til å fremje norsk og nordisk kultur, næringsliv og politiske løysingar. Oppfølging: Ambassaden i Berlin og norske og nordiske aktørar i samarbeid med Nordisk ministerråd.

20 Regionalt samarbeid

Mål

Styrke samarbeidet mellom norske og tyske lokale og regionale styresmakter.

Bakgrunn

Tysklands føderale grunnlov gir store fullmakter til delstatane. Det regionale samarbeidet med Tyskland, frå norsk side i første rekke Østlandssamarbeidet, konsentrerer seg om dei nordlege delstatane Schleswig-Holstein, Hamburg, Mecklenburg-Vorpommern og Brandenburg. Desse har også eit sterkt engasjement på subregionalt nivå i Austersjø-regionen. Østlandssamarbeidet har ein eigen samarbeidsavtale med Schleswig-Holstein. Akershus fylkeskommune har dessutan ein intensjonsavtale med Baden-Württemberg.

Norske investeringar, som bygginga av ein ny straumkabel til Schleswig-Holstein og i vindkraft utanfor kysten av Niedersachsen og Mecklenburg-Vorpommern, opnar for eit breiare samarbeid med dei nordtyske delstatane om fornybar energi og overgangen til grøn økonomi.

Tiltak

- Vidareutvikle det regionale samarbeidet med Tyskland. Oppfølging: Utanriksdepartementet i samarbeid med KS, kommunar og fylkeskommunar, og ambassaden i Berlin.
- Støtte opp om det transnasjonale programsamarbeidet i Austersjøregionen og Nordsjøregionen der både norske fylkeskommunar og tyske delstatar er aktive, med vekt på næringsliv. Oppfølging: Utanriksdepartementet i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Østlandssamarbeidet og ambassaden i Berlin.
- Utforske utsikter til gjensidig næringsamarbeid med utgangspunkt i norske og tyske regionale fortrinn i marin og maritim sektor. Oppfølging: Ambassaden i Berlin i samarbeid med Østlandssamarbeidet, relevante fagdepartement og dei nordtyske delstatane.
- Fremje norsk-tysk regionalt samarbeid innan ramma av EUs austersjøstrategi. Oppfølging: Utanriksdepartementet i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Østlandssamarbeidet og ambassaden i Berlin.

21 Noregsprofilering

Mål

Styrke det gode omdømmet som Noreg alt har i Tyskland, både som samarbeidspartnar og som berekraftig reisemål.

Auke kunnskapen om Noreg og Norden i Tyskland og om Tyskland i Noreg.

Bakgrunn

Noregs omdømme i Tyskland er svært godt, men er også i stor grad kjenneteikna av eit tradisjonelt noregsbilete, der særleg naturen spelar ei stor rolle. Hovudprioriteten for profileringsarbeidet er derfor å utfordre romantiske førestillingar og fremje biletet av Noreg som eit moderne, innovativt og framtidsorientert land, som kan vere modell for Tyskland på nokre område, til dømes likestilling og kvinners yrkesdeltaking, grønt skifte, byutvikling, elektromobilitet og digitalisering. Moderne norske og nordiske kulturuttrykk har stor appell i Tyskland og blir brukte aktivt i profileringsarbeidet. Noreg blir fremja som ein ansvarleg, påliteleg og relevant partnar for Tyskland på ei rekke felt, som energi, forsvar, fred og forsoning, jenters utdanning, global helse og klima. Det er også viktig å synleggjere Noregs medverknad til økonomisk og sosial utvikling i EU gjennom EØS-midlane.

Tiltak

- Bruke Utanriksdepartementets besøksprogram systematisk overfor utvalde tyske målgrupper på område av gjensidig interesse. Oppfølging: Ambassaden i Berlin i samråd med Utanriksdepartementet.
- Vidareføre satsinga på sosiale media overfor tyskspråklege målgrupper. Oppfølging: Ambassaden i Berlin.
- Bygge nettverk i tyske media, mellom anna gjennom å vidareføre støtta til det nordisk-tyske utvekslingsprogrammet for yngre journalistar. Oppfølging: Ambassaden i Berlin.
- Støtte *German-Norwegian Network* i samarbeid med den tyske ambassaden i Oslo. Oppfølging: Ambassaden i Berlin saman med den tyske ambassaden i Oslo.
- Nytte den årlege norske deltakinga under *Internationale Grüne Woche* til å styrke nettverk og bygge omdømme for norsk mat og reiseliv. Oppfølging: Landbruks- og matdepartementet.
- Fremje eit tidsriktig bilde av Tyskland og norsk-tyske relasjonar overfor norske målgrupper, mellom anna gjennom foredrag ambassaden held for besøkande grupper, organisasjonar og skoleungdom. Oppfølging: Ambassaden i Berlin.
- Marknadsføre Noreg som eit aktuelt, heilårig og berekraftig reisemål for natur- og kulturinteresserte tyskarar, mellom anna for å spreie trafikken av besøkande til fleire stader og til årstider då det er ledig kapasitet. Oppfølging: Innovasjon Noreg.

Sjå også kapittel 9 om økonomi og næringsliv, kapittel 12 om utdanningssamarbeid og kapittel 14 om kultursamarbeid og kultureksport.

Utgjeve av:
Utanriksdepartementet

Bestilling av publikasjoner:
Service- og tryggingsorganisasjonen til departementa
www.publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00
Publikasjoner er også tilgjengelige på:
www.regjeringa.no
Publikasjonskode: E-987 N
Design: Konsis Grafisk AS
Trykk: Service- og tryggingsorganisasjonen til departementa
06/2019– opplag 400